

Folkedal 2024

---

# Rapport frå prosjekt kjempespringfrø



# Informasjon om prosjektet

- \* Prosjektet er 3-årig og målet er å utrydda planta kjempespringfrø i Folkedal. Kjempespringfrø er ein av 135 svartelista planter i Noreg. Dette er arter som naturleg ikke hører heima i norsk natur og som utgjer ein stor fare og alvorleg trussel mot biologisk mangfald. Prosjektet er eit samarbeid mellom Voss naturvernlag og Folkedal ungdomslag. Dette er andre året av prosjektet. Etter dei 3 åra må det fylgjast opp kvart år.
- \* Prosjektet er støtta av Statsforvaltaren,, Voss herad og Sparebankstiftinga Hardanger. Målet er at mesteparten av midlane me har fått inn til prosjektet skal koma bygda til gode igjen. For å klara målsetninga om å utrydda planta, er det avgjerande at bygdefolket engasjerer seg. For å få dette til over fleire år, har prosjektet satsa på betalt dugnad. Bygdefolket gjer ein innsats og prosjektet betalar ut til Folkedal ungdomslag.
- \* Naturpanelet (naturen sitt svar på klimapanelet) gav no i 2023 ut ein ny rapport om framande arter. I



Eit av områda med kjempespringfrø er heilt nede ved fjorden.

rapporten står det at framande arter har eit enormt skadeomfang. Det er dokumentert at 1215 arter av planter og dyr er utrydda lokalt på grunn av framande arter og stadig fleire arter vert no truga på grunn av desse. Framande skadelege arter har negativ påverknad på økosystema og utkonkurrerer artane som finst der frå før. Dette har igjen store konsekvensar for økonomi, mattryggelse og menneskehelsa. Den årlege kostnaden knytt til dei negative effektane av framande artar, er rekna til å vera 423 milliardar amerikanske dollar. Rapporten seier også at for å lukkast med å kjempa mot desse artane er ein avhengig av tidleg og systematisk innsats. Alt i alt gode grunnar for å ta kampen mot kjempespringfrø med andre ord.

# Status 2024

Status etter sesongslutt hausten  
2024 er at me har kontroll på planta,  
etter stor innsats gjennom heile 2024.

Sesongen starta alt i april, då ivrige sjeler starta å luka små kjempespringfrø-spirer. Spirene frå kjempespringfrø er av dei fyrste spirene som kjem opp om våren, så då passar det bra å starta å luka den då.


Det hjelper! Det kunne me tydeleg sjå i år. I områda der ein tjuvstarta å slå ned plantene alt for to år sidan, har det ikkje kome opp ei einaste spire/plante i år. Det har altså gått frå tusenvis av planter til 0 på to år. I områda der me starta prosjektet i fjar, er det ein enorm tilbakegang. Det har stort sett gått frå store, plantedekte felt, til at ein må gå og leita etter plantene. Me hadde to område som me oppdaga seint i fjar, desse har me passa ekstra godt på gjennom året i år. Men uansett framstega i år, så nyttar det ikkje å kvila på laurbæra. Her er det berre å stå på.



# Slåtten

For å få til ein effektiv kamp mot kjempespringfrø, er det heilt avgjerande å slå ned dei store populasjonane med skjereverktøy, dvs tohandsslåmaskin, ljå eller ryddesag. Difor valte me i år å ta med den vanlege slåtten (ikkje rundballepressing), som gjeldande dugnadsarbeid for prosjektet. Bøndene kunne skriva dugnadstimar for slåtten som vart utført i dei områda der det har vore/er kjempespringfrø. På biletet til høgre er slåtten i Dalatunsreinane godt i gang.

Me slo ikkje ned langs elva i år, men etter tilbakemeldingar/erfaringar frå i år, spørst det om me skal slå ned litt meir til neste år. Det kan vera vanskeleg å få auga på dei små kjempespringfrøa når det er veldig høgt gras.






# Dugnad

I år vart det ikkje gjennomført ein stordugnad, men istedenfor 3 mellomstore dugnader, 13 juli, 17 august og 15 september. Dette vart gjort for å fordelt arbeidskapasiteten utover året sidan nye plantar kjem opp utover heile sesongen. På dugnad 13 juli kom det 9 personar (midt i fellesferien, mange var vekkreiste), 17 august kom det 25 personar og 15 september var det 15 personar som deltok. Det var stor sett berre folk frå Folkedal som deltok.

Folkedal ungdomslag får betalt etter kor mange som deltok på dugnaden.



Siri og Eline er igang med  
plukking!



# Vaktarane

Folkedal er delt opp i soner og delt ut til personar som har ansvar for å halda områda frie for kjempespringfrø utover sommaren og hausten. Planta spirar heilt fram til frosten kjem, så det er viktig å halda ut til dei døyr ut for sesongen.

Vaktarane har ansvar for å luka i sitt område og til å seia ifrå dersom ein trøng meir hjelp til å luka området. Nytt av året er at prosjektet la opp til at ein ser etter planta når ein er på tur. Det er mange som går på tur og ved at ein kan skriva opp turar som ein del av dugnaden vert det ein ekstra motivasjon for å sjå etter planta. For å halda planta nede er det viktig at alle lukar dei enkeltindividene som dukkar opp. Ungdomslaget får ein sum for kvar tur som vert sendt inn.

Etter at plantene har starta å bløma vert dei lagt i poser og sendt til brenning hjå BIR Hardanger Voss på Bømoen.



# Tal og sånt

Innlevert til BIR Bjørke

2023: 850 kg

2024: 160 kg

Dugnadstimar:

2023: 290 dugnadstimar utført, pluss 1 stor  
fellesdugnad

2024: ca 200 timer (slåttetimar inkludert) og ca 100  
turar, pluss 3 felles lukedugnadar



Prosjektleiar med eit monster av planta, funnen i Øvre Granvin